



**ULVIK HERAD**  
5730 ULVIK

Det Kongelige Olje- og Energidep.  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**  
03/137-14/K2-S11/ASK

**Direkte innval:**  
56 52 70 51

**Stad/Dato:**  
16.02.2005

## **Høyring - NOU 2004:26 Heimfall.**

### **1. Innleiing**

Heimfallsordninga vart innført av Stortinget for hundre år sidan for å sikra eit nasjonalt eigarskap til vasskraftressursane våre. Heimfallsordninga – som gjev private/utanlandske eigarar tidsavgrensa konsesjonar med heimfall til staten og offentlege eigarar evigvarande konsesjonar – har sytt for at kraftsektoren i dag er eigd av det offentlige med 90 prosent. Kraftsektoren har vore og er ein bærebjelke i det norske samfunn, samtidig som sektoren rår over nokre av dei viktigaste naturverdiane.

Når Heimfallsutvalet kjem med framlegg til endringar i heimfallsreglane, set utvalet grunnlaget for det eigarskapet me har på vasskraftsektoren i dag på spel. Samtidig uttaler eit samla utval på s.12:

*”Vassdragene representerer fornybare og evigvarende ressurser av stor nasjonal verdi, både økonomisk og miljømessig. I dag er kraftproduksjon den viktigste økonomiske utnyttelsen. Vannkraften utgjør 99 prosent av kraftproduksjonen i landet, og er av grunnleggende betydning for verdiskapingen og velferden. Norge har et unikt fortrinn i å utnytte disse naturressursene til kraftproduksjon. For å sikre at vassdragsressursene blir utnyttet på best mulig måte ut fra samfunnets interesser nå og i fremtiden, er det nødvendig med et godt utbygd system av økonomiske og administrative virkemidler.”*

Ulvik herad er samd i denne skildringa av kva kraftsektoren betyr. Når utvalet då gjer framlegg om gjennomgripande endringar i heimfallsordninga, burde følgjande føresetnader vera til stades:

- Utvalet har ein klar målsetning med dei endringar som det vert gjort framlegg om.
- Utvalet har ein klar oversikt over verknadene av dei endringane som vert gjort framlegg om

Et fleirtal på ni av dei tolv medlemmene i utvalet, gjer framlegg om at konsesjonæren på heimfallstidspunktet skal få ein ufråvikeleg rett til ein part av anlegga eller verdien av anlegga. Denne retten til et evigvarande eigarskap vil auka marknadsverdien av kraftanlegga i dag. Dette framlegget vil forsterka salspresset på dagens offentlege eigarar ytterlegere.

---

**Internett adresse:**  
www.ulvik.kommune.no

**E-post:**  
ulvik@ulvik.kommune.no

**Telefon:**  
56 52 70 00

**Telefax:**  
56 527001

Ulvik herad kan ikkje sjå at fleirtalet har skildra noko klart mål med dei endringsframlegga som er fremja. Heller ikkje kan heradet sjå at fleirtalet har gitt noko klar skildring av dei verknadene som endringane vil ha, t.d. i forhold til dei store samfunnsverdiane som kraftsektoren forvaltar, jf det grunnleggjande forvaltningsprinsippet i plan- og bygningslova § 33-1 om at *"Formålet med en konsekvensutredning er å klargjøre virkninger av tiltak som kan ha vesentlige konsekvenser for miljø, naturressurser eller samfunn"*.

Det har tidlegare vore opplyst at regjeringa har hatt som mål å fremja sak for Stortinget våren 2005, basert på Heimfallsutvalet si innstilling.

Når innstillinga både manglar ei klar målsetting og konsekvensutgreiingar, vil Ulvik herad motsetta seg at saka vert fremja så raskt og utan at desse grunnlaga er til stades.

## **2. Det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren**

Heimfallsutvalet sitt mindretal, bestående av representantene for KS, LO og LVK har i ein felles uttale innteken i innstillinga kap 10.4.3 fremja andre framlegg til nye heimfallsmodellar. I denne vert det m.a. uttalt:

*"Våre vassdrag og vannkraftproduksjonen for Norge har i seg verdier som rekker langt ut over bedrifts- og samfunnsøkonomiske modeller. (...) Disse medlemmer ser det derfor slik at verken skatte- eller konsesjonsreglene fullt ut ivaretar de sterke samfunnsmessige behov for styring og kontroll som foreligger i vannkraftsektoren. Det offentlige eierskapet har derfor en stor egenverdi. (...) Bare gjennom et omfattende offentlig eierskap kan disse verdiene sikres for senere generasjoner."*

Ulvik herad sluttar seg fullt ut til desse uttalane og til dei grunngevingane som mindretalet har gjeve.

Fleirtalet synes nærmast å ha ein likegyldig holdning til det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren, jf følgjande frå s. 142 i utgreiinga:

*"Flertallets forslag til fremtidig hjemfallsregime kan likevel innebære økt privat eierandel i kraftsektoren. (...) En eventuell økning av utlendingers eierandel i norsk kraftnæring vil derfor reflektere en allmenn utvikling med sterk vekst i grensekryssende investeringer."*

Ulvik herad vil syna til at uavhengige økonomisk sakkyndige har konkludert med at fleirtalet sitt framlegg ikkje berre "kan" innebera auka privat og utanlandsk eigarskap, men mest sannsynleg vil gjera det, og at det offentlege utsalet vil bli betydeleg. Fordi dette strir mot Ulvik herad sitt syn på det framtidige eigarskapet i kraftsektoren, vil heradet motsetja seg fleirtalet sitt framlegg til framtidige heimfallsmodellar.

## **3. Tilhøvet til dagens offentlege eigarar**

Dagens offentlege eigarskap er delt mellom staten med 50 prosent gjennom Statkraft AS, og kommunale og fylkeskommunale eigarar med om lag 40 prosent.

Ulvik herad er i dag mediegar i Indre Hardanger Kraftlag AS med 20,2 %.

Det er heradet sitt syn at det spreidde offentlege eigarskapet har mange positive sider, og at ei framtidig heimfallsordning bør gje grunnlag for ei vidareføring av dette.

Fleirtalet på ni gjer framlegg om at konsesjonsinnehavaren på heimfallstidspunktet skal gjevast ein ufråvikeleg rett til ein part i det heimfalne anlegget. Framlegget skal mellom anna tilgodesjå dei offentlege eigarar som ønskjer å selja ved at *"dersom en offentlig eier ikke lenger ønsker å drive med kraftproduksjon vil salgssummen forventes å reflektere den fremtidige konsesjonærens rettigheter ved hjemfallet"*. Fleirtalet sitt framlegg på dette punkt vil med andre ord forsterka det salspresset som alt ligg i fleirtalet sitt framlegg. Også av den grunn vil Ulvik herad motsetja seg fleirtalet sitt framlegg, som direkte er eigna til å undergrava dagens offentlege eigarskap.

Frå media er det ei kjent sak at utanlandske kraftføretak er sterkt interessert i å kjøpa seg inn i norske vasskraftanlegg. Fleirtalet sitt framlegg vil gje slike kraftføretak evigvarande rettar til norske vasskraftressursar.

Fleirtalet sitt framlegg på dette punktet motarbeider direkte viktige nasjonale interesser knytt til vasskraftsektoren.

#### **4. EØS-avtalen**

Tilhøvet til EØS-avtalen har vore sentralt for Heimfallsutvalet, og det heiter i kap 10.2.6 at *"Det er en sentral premiss for utvalget at forslaget til et fremtidig hjemfallsregime skal være robust i forhold til de forpliktelser Norge har gjennom EØS-avtalen."*

Mindretalet sitt framlegg om ein transaksjonsmodell tar sikte på å likebehandla alle framtidige konsesjonsinnehavarar, uavhengig av om desse er offentlege eller private. På denne måte søkjer mindretalet å ivareta målsetninga i EØS-avtalen om fri etableringsrett og fri kapitalflyt, som er dei bestemmelsane som ESA viser til når dei kritiserer dagens norske regler.

Det går fram av utvalet si innstilling at utvalet sin EØS-utgreiar har uttrykt skepsis til mindretalet sitt framlegg til ein såkalla transaksjonsmodell, og at fleirtalet *"har lagt stor vekt"* på dette. (s.126) Ulvik herad konstaterer at også staten sine tre representantar i utvalet tilhøyrer dette fleirtalet. Vidare konstaterer Ulvik herad at staten så seint som i brev 19. april 2002 til ESA hevda at *"konsesjonssystemet med tidsbegrensede konsesjoner og hjemfall er ledd i den statlige forvaltningen av eiendomsretten til vannfallene, og det fremgår av EØS-avtalens artikkel 125 at avtalen ikke på noen måte skal berøre avtalepartenes regler om eiendomsretten."*

Ulvik herad sluttar seg til mindretalet sitt syn om at det har oppstått ein uhaldbar situasjon i høve til EØS-avtalen. Det er lite tillitsvekkande at den norske stat på den eine sida held fast på at EØS-avtalen ikkje legg avgrensingar på konsesjons- og heimfallsreglane våre, og på den andre sida tilpassar synspunkta sine til at avtalen likevel gjeld fullt ut.

Kommunen finner det maktpåliggjande at staten avklarar med ESA om og i tilfelle i kva utstrekning EØS-avtalen legg føringar for vår framtidige heimfallsordning.

#### **5. Lengd på konsesjonstida**

Et knapt fleirtal på sju i utvalet går inn for at framtidig konsesjonslengd vert sett til 75 år, medan mindretalet på fem gjer framlegg om 60 år, som er dagens ordning.

Et samla Heimfallsutval går inn for reglar som gjev ein vesentleg større marknadsopning enn dagens reglar. Det er Ulvik herad sitt syn at dess større marknadsopning, dess viktigare er det

med eit robust og reelt heimfallsinstitutt. Ut frå den overordna målsetjinga om å behalda et tungt offentlig eigarskap i vasskraftsektoren også på lang sikt, støttar kommunen mindretalet sitt framlegg om konsesjonstid på 60 år.

## **6. Private konsesjonsinnehavarar**

Om lag 10 prosent av kraftforsyninga er eigd av private føretak, i hovudsak den kraftkrevjande industrien. Omlag 6,5 prosent av desse har tidsavgrensa konsesjonar med heimfall til staten.

Fleirtalet gjer framlegg om å gjera om dagens konsesjonar til nye tidsavgrensa konsesjonar på 75 år frå lovendringstidspunktet, og med evigvarande rett til 1/3 av anlegget for konsesjonsinnehavaren. Framlegget synes i hovudsak motivert av EØS-utgreiaren sine konklusjonar.

Mindretalet gjer framlegg om å vidareføra de rettar som konsesjonsinnehavarane har i dag. Fleirtalet sitt framlegg vil innebera at dei private får ei forlenging som er lengre enn kva dei opphavleg fekk konsesjon til. Fleirtalet sitt framlegg vil vidare innebera ei vesentleg overføring frå stat og kommune til privat sektor, på fleire milliardar kroner – og heilt utan vilkår, til dømes om kor krafta skal brukast.

Ulvik herad gjev sin tilslutning til mindretalet sitt syn og syner til det som ovanfor er sagt om tilhøvet til EØS-avtalen.

Meir enn 30 prosent av de private kraftanlegga er i dag heilt konsesjonsfrie fordi de ble bygde før konsesjonslovene av 1909. Mindretalet går inn for å likestillta desse anlegga konsesjonsrettsleg med dei andre kraftanlegga med grunnlag i nye regler.

Dersom det syner seg naudsynt å endra dagens evigvarande konsesjonar for offentlige eigarar til tidsavgrensa konsesjonar, har Ulvik herad same syn som mindretalet, at også evigvarande rettar hos dei private konsesjonsinnehavarane må omgjerast på same måte.

## **7. Vertskommunane sine interesser**

Heimfallsutvalet gjer framlegg om å vidareføra dagens lovbestemte heimfallsrettar for dei berørte vertskommunane, men med visse avgrensingar i gjeldande trappetrinnsreglar. Framlegget, saman med framlegget om å innføra tidsavgrensa konsesjonar for alle (enten straks som fleirtalet eller ved transaksjon som mindretalet), vil føre til at omfanget av anlegg som heimfell aukar vesentlig.


Ulvik herad støttar framlegget til vidareføring av vertskommunen sine rettar og framlegget til ny trappetrinnsregel, slik eit samla utval går inn for.

## 8. Oppsummering

Ulvik herad sitt syn kan oppsummerast slik:

- a) Heimfallssaka gjeld eigarskapet til vasskraftsektoren og saka vedkjem vitale verdiar og interesser for det norske samfunn både i dag og for våre etterkomarar
- b) Eit tungt og spreidd offentleg eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsregler må utformast slik at dei stimulerer til framleis offentleg eigarskap.
- c) Fleirtalet sitt framlegg gjev insentiv til snarleg sal av offentlige eigarpartar. Framlegget tek korkje vare på dei nasjonale interessene som føreligg, eller omsynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, som ønskjer framleis eigarskap
- d) Mindretalet sitt framlegg gjev ein rimelig balanse mellom omsynet til offentleg eigarskap på kort og lang sikt, og omsynet til effektiv ressursbruk og naudsynte omstruktureringar. Ulvik herad støttar mindretalet sitt framlegg og syner til dei grunngevingane som er gjevne i mindretalsmerknaden
- e) Den norske stat må sørgja for ei avklaring av kva EØS-avtalen betyr for framtidige konsesjons- og heimfallsreglar
- f) Saka bør ikkje fremjast for endeleg handsaming før grundige konsekvensutgreiingar føreligg.

Med helsing



Jon Olav Heggseth  
Ordførar

### Kopi til:

Kommunenes Sentralforbund  
Landssamanslutninga av  
Vasskraftkommunar

Boks 1378  
Postboks 471  
Sentrum

0114 OSLO  
0105 OSLO



Det Kongelige Olje- og Energidep.  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

**ULVIK HERAD**  
5730 ULVIK

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**  
03/137-16/K2-S11/ASK

**Direkte innval:**  
56 52 70 51

**Stad/Dato:**  
18.02.2005

**SÆRUTSKRIFT:**

## ULVIK HERAD

### SAKSPAPIR

#### Høyring - NOU 2004: 26 Heimfall. Uttale frå Ulvik herad

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvallsak
Heradsstyret	13.02.2003	006/03
Heradsstyret	20.03.2003	016/03
Heradsstyret	16.02.2005	011/05

<b>Sakshandsamar</b> Agnar Skjønberg	<b>Arkiv:</b> K2-S11 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 2003000137
---	--	---------------------------------

**Vedlegg:**

14 U Det Kongelige Olje- og Energidep. Høyring - NOU 2004:26 Heimfall. Uttale frå Ulvik herad.

**Sakstilfang:**

**Nr T Avsendar/Mottakar Tittel**

**Internett adresse:**  
www.ulvik.kommune.no

**E-post:**  
ulvik@ulvik.kommune.no

**Telefon:**  
56 52 70 00

**Telefax:**  
56 527001

- |    |   |   |   |
|----|---|---|---|
| 10 | U | Olje-og energidepartementet                       | Heimfallsordninga - endringar i vassdragsreguleringa. Uttale frå Ulvik herad. |
| 11 | I | Kommunesektorens interesse-og arbeidsgiverorganis | Informasjon om KS synspunkter i heimfallssaken.                               |
| 12 | I | Det Kongelige Olje- og Energidep.                 | Høyring - NOU 2004: 26 Heimfall   |
| 15 | I | Energiveteranane c/o Kjell Køber                  | Vannkraftressursene i egne hender   |
| 14 | U | Det Kongelige Olje- og Energidep.                 | Høyring - NOU 2004:26 Heimfall.   |

### Saksutgreiing:

Olje- og energidepartementet har i brev av 01.12.2004 sendt ut Heimfallsutvalet si utgreiing, NOU 2004: 26 på høyring. Høyringsuttalar må vera Olje- og energidepartementet i hende seinast 1. mars 2005.

Ulvik herad har tidlegare i H-sak 16/03 gjeve uttale som vedkjem heimfallsordninga. Det var etter denne høyringsrunden Heimfallsutvalet vart nedsett, med m.a. representantar frå LVK og KS.

Utvalet har delt seg i eit fleirtal og eit mindretal. KS, LO og LVK utgjer mindretalet.

Heile utvalet gjer framlegg om å vidareføra heimfallsordninga, men representantane for kraftbransjen og industrien ønskjer primært å avvikla ordninga.

Heile utvalet gjer framlegg om å innføra tidsavgrensa konsesjonar for alle. Fleirtalet gjer framlegg om konsesjonstid på 75 år, medan mindretalet vil ha 60 år.

Fleirtalet gjer framlegg om at den som er konsesjonshavar på heimfallstidspunktet får evigvarande rett til ein del av verdien på kraftanlegget. Mindretalet ser dette som ei utholing av den nasjonale eigarskapen i vasskratsektoren. Mindretalet gjer framlegg om at offentleg eigar som også eig på heimfallstidspunktet vert gjeven rett til inntil 45 % av det heimfalne anlegget sin verdi, som erstatning for tap av dagens evigvarande konsesjonar, med den grunngeving at dette vil stimulera dagens offentlege eigarar til framleis eigarskap. Fleirtalet sitt framlegg gjev evigvarande rett til deler av kraftanlegget til kven som helst.

**Vurdering:**

Ulvik herad bør støtta mindretalet sitt framlegg, ut frå at offentleg eigarskap til vasskraftressursane er viktig for velferd og miljø. Dette er og i samsvar med Ulvik herad sin politikk og interesser som kraftverkseigar.

Vedlagte framlegg til uttale frå Ulvik herad er basert på utkast motteke frå LVK.


**Framlegg til vedtak:**

Ulvik herad godkjenner vedlagte framlegg til uttale til NOU 2004:26 Heimfall.

**16.02.05 Heradsstyret****HST-011/05 VEDTAK:**

Ulvik herad godkjenner vedlagte framlegg til uttale til NOU 2004:26 Heimfall.

Med helsing

  
Agnar Skjønberg  
næringsrådgjevar

**Kopi til:**

Kommunenes Sentralforbund  
Landssamanslutninga av  
Vasskraftkommunar

Boks 1378  
Postboks 471  
Sentrum

0114 OSLO  
0105 OSLO